



Arkivnr: 2015/203-24

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 335 mill. kr

Samandrag

Eit 3 månaders sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 8. desember 2015. Ein har fått inn tilbod på nytt lån frå 5 bankar. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit nytt sertifikatlån tilrettelagt av DNB Markets.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 335 mill. kr vert refinansiert med eit 3-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets. Renta fram til 8. mars 2016 er 1,626 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.12.2015

Eit sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 8. desember 2015. Renta på lånet har vore 1,51 % siste 3-månaders perioden.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt 3 månaders sertifikatlån. I tilknytning til dette lånet har fylkeskommunen ein rentebytteavtale, der ein betaler fast rente og mottar 3 mnd. Nibor. For å oppnå størst grad av sikring, bør lånet følgje same intervalla som rentebytteavtalen, dvs. 3 månader.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunder, og ein har fått inn desse tilboda:

	<u>Nominell rente</u>
DNB Markets	1,626 %
Danske Markets	1,670 %
Kommunalbanken	1,673 %
Nordea Markets	1,675 %
Swedbank	1,700 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB Markets.